

- Det siste jeg gjorde var å sprengre broen!

30.04.2014



**- Det siste jeg gjorde var å sprengre broen!**

Denne replikken skal stamma frå den militære befalingsmann med kommandoen over den norske styrken som var i kamp i Uskedalen 20.april 1940. Sprenginga vart som kjent ikkje særleg vellukka og kven som eigentleg kom med replikken er også uklårt. Men det var truleg ein kaptein - Hauge eller kanskje helst Ulstrup, Hauge hadde kommandoen på vaktbåten Smartmedan Ulstrup i 1940 hadde ansvaret for mineutleggjaren Tyr. og nyleg hadde teke over kommandoen over Hardanger Sjøforsvarsavsnitt.

Bjørgulv Eik minner oss om replikken og kan ellers opplysa at resultatet av sprenginga ikkje vart 2 men berre eitt hol i betongdekket

på brua.

Holet var til samanlikning likt eit vanleg vaskevannsfat og det var berre rundt 15 centimeter djupt. Det vart først reparert mange år etter 1940 og seinare reparert med asfalt. No vert det truleg 'kamouflert' heilt i samband med renoveringa av brua.

Er det fleire som veit noko om denne kuriøse episoden under krigshandlingane i Uskedalen, vil vi gjerne høyra om han.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen